



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
03.04.2017
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE
2017/16982
DYKKAR REFERANSE

1 av 4

VÅR SAKSBEHANDLAR
Evvy Dale, tlf. 93040807

LINDÅS KOMMUNE
v/Rådmannen
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Orgnr 935084733

Invitasjon til dialogseminar om vald og truslar i helse- og sosialsektoren

Arbeidstilsynet skal i 2017 og 2018 ha ei nasjonal satsing i helse- og sosialsektoren, der vi skal kombinere ulike verkemiddel som rettleiing og tilsyn. Opplegget for satsinga er avklara med arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane sentralt.

Krav om førebygging og oppfølging av vald og truslar i arbeidslivet er no gjorde tydelege i nye forskriftsføresegner. Vald og truslar er ein kjend risikofaktor i helse- og sosialsektoren. Arbeidstilsynet vil derfor rette merksemda mot risikoen for vald og truslar og førebygging av hendingar i kommunale helse- og sosialtenester. Med bakgrunn i denne tematikken planlegg vi dialogseminar, tilsyn og ein nasjonal informasjonskampanje.

Arbeidstilsynet vil arrangere eit dialogseminar der vi inviterer fleire kommunar i Nordhordland saman. Arbeidstilsynet ønsker med dette å invitere utvalde verksemder i Lindås kommune til å delta i denne satsinga. I tillegg til Lindås kommune vert og kommunane Austrheim, Radøy, Meland og Osterøy inviterte.

Formålet med dialogseminaret er å fokusere på førebygging og handtering av vald og truslar mot arbeidstakarar gjennom at verksemdene deler praktiske erfaringar og Arbeidstilsynet gir rettleiing, mellom anna om nye lovkrav.

Dialogseminar - tid og sted

Dialogseminaret vert gjennomført den 4. mai 2017, kl. 10.00 - 14.30.
Adresse; Hagellia matstove - kurslokalet Dampen, Hagelia 6, 5914 Isdalstø.

Arbeidstilsynet ber om at kommunen vel ut tre–fire verksemder som har utfordringar med vald og truslar, til å delta på dialogseminaret. Hovudverneombod og hovudtillitsvalde bør involverast i valet av verksemdene. Frå dei aktuelle verksemdene ønsker vi at leiaren av verksemda og verneombodet stiller.



Arbeidstilsynet ønsker at kvar kommune gir ein presentasjon på 15 minutt. Presentasjonen skal bidra til felles læring. Vi er kjende med at kommunane har internkontrollsystem, men vi ønsker å høyre om kva utfordringar og dilemma de har når det gjeld vald og truslar, gjerne illustrerte med konkrete eksempel på:

- gode tiltak for å førebygge, handtere og følge opp vald og truslar
- kva som blir tolerert, versus kva som blir handtert og meldt som avvik når det gjeld vald og truslar

Dei ulike verksemdene i same kommune må sjølve bli einige om kven som skal framføre presentasjonen.

Vi ber om at kommunen gir tilbakemelding om kva verksemdar som skal delta på dialogseminaret, og namn på deltakarane. Vi bed og om informasjon dersom nokom av deltakarane har matalergi.

Frist for påmelding: onsdag den 12. april 2017.

Påmeldinga kan sendast til post@arbeidstilsynet.no - *merk påmeldinga med saksnummer 2017/16982.*

Program

kl. 10.00: Velkomen og presentasjon av deltakarane – mål for dagen, kvifor arbeide med vald og truslar i helse og sosialsektoren

kl. 10.15: Presentasjonar frå kommunane

kl. 10.45: Pause

kl. 11.00: Presentasjonar frå kommunane

kl. 12.00: Lunsj

kl. 12.30: Arbeidstilsynet om:

- Vald og truslar – førekomst og klargjering av omgrep
- Nytt lovverk om vald og truslar, samt kartlegging og risikovurdering
- Praktisk erfaring frå tidlegare satsingar og vidare satsing mot kommunale verksemdar i 2017

kl. 14.15: Oppsummering

kl. 14.30: Avslutning

Arbeidstilsynet nyttar høvet til å takke for positiv tilbakemelding på spørsmål om Lindås kommune kunne stå som vertskapskommune i samband med seminaret. Det vert her vist til Arbeidstilsynet sin dialog med kommunalsjef for helse og omsorg, Leni Dale.



Oversikt over andre verksemder

Arbeidstilsynet ønsker i tillegg ei skriftleg oversikt over kva andre verksemder i kommunen de meiner er spesielt utsette for vald og truslar. Vi ønsker også å få vite om det er tenester i helse- og sosialsektoren som er sette ut til private samarbeidspartnarar, og i så fall kva tenester det er. Dette skal ikkje leggst fram i plenum, men sendast til post@arbeidstilsynet.no, merkt med saksnummer 2017/16982. *Denne informasjonen kan sendast saman med påmeldinga til dialogseminaret eller seinare dersom denne fristen vert for kort.*

Arbeidstilsynet ber om denne oversikta frå kommunen for at vi i ein seinare fase skal kunne målrette tilsyna våre best mogleg. Vi gjer likevel merksam på at alle kommunale verksemder i helse- og sosialtenestene kan vere aktuelle for tilsyn.

Eventuelle spørsmål kan rettast til seniorinspektør Evy Dale, mobilnr. 930 40 807 eller seniorinspektør Øyfrid Geiring, mobilnr. 910 02 943.

Har de spørsmål, kontakt saksbehandlaren. Vi ber om at du gir opp referansenummeret vårt 2017/16982.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Marita Scott
tilsynsleder
(sign.)

Evy Dale
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

LINDÅS KOMMUNE v/kommunalsjef Leni Dale, Helse og omsorg, Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE v/Hovudverneombodet, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914
ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE v/Hovudverneombod, Helse og omsorg, Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

